



Even Soleng

Vår referanse
22/13 23/4624

Dykkar referanse

Sakshandsamar
Odd Kåre Wiik

Dato
17.03.2023

Melding om vedtak - Overtaking veg og teknisk anlegg - kommunal standard. Justerte vilkår

Teknisk utval har i møte 09.03.2023, sak 16/23, fatta følgjande vedtak:

Teknisk utval godkjenner justerte krav for overtaking av veg og teknisk anlegg. Kommunal overtaking av vegar og tekniske anlegg frå private utbyggarar er heimla i plan- og bygningslova.

Teknisk utval presiserer med vising til kap. 18 i plan- og bygningslova følgjande:

Veg:

Veg skal vere bygt ut i samsvar med gjeldande reguleringsplan og etter godkjent teknisk plan for anlegget med tverr - og lengdeprofil.

Vegoppbygging skal vere i samsvar med SVV vegnormalane (tverrprofil) og alle vegar skal ha bruksklasse Bk10. jf. Vegnormalane handbok N 200 Vegbygging.

Vegbane, fortau og eventuelle gangvegar skal ha fast dekke av varm asfalt Agb.16
Minimum tjukkelse på ferdig valsa toppdekke er 5 cm for køyreveg og 4 cm for gangvegar/fortau.

For samlevegar og andre vegar med høgare trafikkmengde enn det tradisjonelle bustadvegar har, skal det i tillegg vere forsterkingslag Ap minst 7 cm. I slike tilfelle vert slitelaget på 4 cm Agb. 16.

Der det er opa veggrøft, skal denne ha maks djupne på 0,5 meter. Grøftehelling skal ikkje vere brattare enn 1:1,5

Vegskulder skal vere minimum 30 cm. Denne skal grusast med veggrus 0-19 til jamt med topp asfaltdekke. Vegskråningar og veggrøft skal kledast med solda mold, tjukkelse 10 cm til topp skråning (skulder). Etter planering av mold skal det såast med grasfrø.

Veglys:

Veganlegg skal ha veglys etter eigen godkjent plan. Lysmaster skal vere minimum 6 meter høge eller tilpassa høgde for veganlegg. Mastene skal vere varmgalvaniserte.

Lysarmatur LED skal vere av type som kommunen nyttar. Veglys skal vere tilkopla målar.

VA – anlegg:

Plan for tekniske anlegg veg, vatn og avløp skal byggast etter gjeldande VA – norm.

Merk spesielt at alle stikkleidningar til eigedomar skal vere kopla i vasskum på brakett. Alle kraner skal merkast med gnr/bnr. Alle planar for utbygging skal godkjennast av kommunalsjef teknisk.

Data for grøfter:

Etter utbygging skal det leverast data for tekniske anlegg i grøfter. Innmåling data skal leverast på enten SOSI-formatet eller som kof-fil. Det skal kome tydeleg fram vesentleg informasjon som dimensjon og type leidning m.m.

Det skal også leverast kart som viser nytt anlegg og eventuelle endringar på gammal infrastruktur.

Det kan administrativt utarbeidast og godkjennast meir detaljerte reglar/standard for teknisk utføring av anlegga.

Overtakingsforretning:

Denne skal rekvirerast av utbyggjar.

Administrasjonen v/teknisk etat skal godkjenne overtaking.

https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2008-06-27-71/KAPITTEL_3-4#%C2%A718-1

Med helsing

Odd Kåre Wiik
senioringeniør

Dokumenter er elektronisk godkjent og har difor ikkje signatur

Mottakar
Arne Runar Vik
Jørgen Hageselle

Informasjon om klagerett:

Du kan klage på enkeltvedtak til kommunen. Klagefristen er tre veker, rekna frå den dagen du fekk brevet. Det er tilstrekkeleg at klaga er postlagd innan fristen. Klaga skal vere skriftleg. Med visse unntak har du rett til å sjå dokumenta i saka. Reglar om dette finn du i §§ 18 og 19 i forvaltningslova. Meir informasjon om retten til å klage finn du på heimesida til kommunen.